



Uskedalen skulemusikk ønskjer å senda ei stor takk til alle som gjorde sitt til at den årlege basaren sist søndag vart så vellukka.

Firma, bygdefolk og foreldre/musikantar gav gevinstar, og sytte for at gevinstsamlinga var meir rikhaldig enn nokonsinne. Kakeutvalet var stort og svært velsmakande takka vere positive foreldre. Loddseljarane vart møtt av rause og velvillige kjøparar. Over hundre møtte i Helgheim og gjorde basaren til eit triveleg stund fylt med god bygdekultur.

Musikantane gjorde ein flott innsats både gjennom musikkframføringa, og ved å ta del i ulike oppgåver ved avviklinga av arrangementet.

Magnhild Haugland stilte opp som "vikar-dirigent". Ho fortener ei stor takk for at ho alltid er positiv og stiller velvillig opp når det er behov for vikar i denne viktige rolla.

Takk for alle typar bidrag. Det gjev god økonomisk støtte til arbeidet for skulekorpset. Den positive og omfattande velviljen er og svært inspirerende og god å ta med seg i det vidare arbeidet for korpset.

Tusen takk til alle saman frå styret og basarkomiteen.